

Vedteke i Vinje Bygningsråd sak 011/89. 26.1.89.

VINJE KOMMUNE

NORMALFØRESEGNER FOR REGULERINGS- OG BEBYGGELSEPLANAR FOR  
FRITIDSHUSVÆRE.

UTBYGGINGSPLAN 169

MØSVATNDIEMNE

Utarbeidd

01.11.1990, rev 09.04.91

Utlagt til offentlig ettersyn . . . . .

Godkjent i bygningsrådet 27.06.1991

Vedteke i kommunestyret

### § 1

Desse føresegnene gjeld for det område som er vist med  
reguleringsgrense på plankartet.

2

Området er regulert til fylgjande føremål:

Byggeområde - Hytter Landbruksområde  
Trafikkområde - Kjørevei/traktorvei

Fareområde - Kraftlinje  
Spesialområde - Vassforsyning

### HYGGEOMRÅDE

### § 3 Hytter.

- a) Hytter skal plasserast som vist på plankartet, i samsvar med  
innmålt pel i terrenget.  
Pelen skal ligge innafor hyttas fire veggjar.  
Mindre justeringar av hytteplasseringa kan gjerast av teknisk  
etat.
- b) Tillete bruttoareal for bygning på kvar tomt skal ikkje overstige  
85 m (målt utvendig grunnmur, inkl. overbygd uteareal).  
Nødvendig areal til bod, do, m.v. skal inngå i bruksarealet.
- c) På kvar tomt skal det berre førast opp ei hytteeining.
- d) Separat uthus, anneks e.l. blir ikkje godkjent.

(Byg)reg-v-hytter

- e) Hytta skal mest mogleg underlegge seg naturpreget i området og ha ein enkel og god utforming. Utvendig skal nyttast trematerialar, ståande kledning og naturvenlege fargar.
- f) Bygningar kan oppførast berre i ein etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje vera over 80 cm.
- g) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 20 - 30 grader. Takteking skal vera torv.
- h) Det skal opparbeidast 1 1/2 parkeringsplass pr. hytte både for vinter- og sommarparkering. Byggeløyve vert ikkje gitt før tilstrekkeleg antal parkeringsplassar er opparbeidd. Dersom parkeringa skjer på annan eigedom må det føreligge ei tinglyst erklæring om varig rett. Jfr. 511.
- i) Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogeleg grad.  
  
Renovasjon må vera ordna før byggeløyve for hytter vert gitt. Jfr. §11.
- k) Det skal ikkje setjast opp gjerde og flaggstenger i området.
- i) Der hyttene står på pilarar må det gjerdast mellom desse, dette p.g.a. sau m.v.

Båthus blir ikkie

#### LANDBRUKSOMRÅDE

4

Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygningar knytt til slik drift kan oppførast i området, etter godkjenning i bygningsrådet.

#### TRAFIKKOMRÅDE

§ 5

Avkøyrsløse til offentleg veg skal vera i samsvar med vegnormalen.

#### FRIOMRÅDE

6

Friområde skal nyttast til sport og leik.

Bygningsrådet kan tillate oppført bygningar eller anlegg som har naturleg tilknytning til bruken av områda.

(Byg)reg-v-hytter

## FAREOMRÅDE 7

I område x er det fare for snøskred/steinras/.

### SPECIALOMRÅDE

#### 8 Vassforsyning

- a) Det er ikkje tillete med innlagt vatn. Vassforsyning skal skje frå godkjent vasskjelde og felles vasspostar, dvs. minst 2 hytter pr.vasspost, plassera utanfor grensene for hyttetomtene, og som vist på plankart.

Det er ikkje tillete å kople seg på med stikkledningar frå hytte vasspost eller vasskjelde, og heller ikkje frå hytte til ledning mellom vasskjelde og vasspost.

### ANDRE FØRESEGNER

#### 9 Fellesareal

Arealet kan nyttast til felles friområde for hyttene

#### § 10 Straum

Straumforsyning i hytteområde skal leggast i jordkabel.

### UTBYGGINGSAVTALE

Før planen kan gjennomførast, må det ligge føre godkjent utbyggingsavtale mellom utbygger og kommunen, der tilhøve vedk. parkering, brøyting, renovasjon, vassforsyning o.l. er klarlagt.

#### 12 Dispensasjon.

Bygningsrådet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene, innafor ramma av Plan-og bygningslov og bygningsvedtekter.

13

Etter at denne planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen og føresegnene.

**(Byg)reg-v-hytter**